



## ORDENSREGLAR

### Formål

Formålet med ordensreglane er å ivareta kravet om eit miljø som fremjar helse, trivsel og læring, jfr.§9a i Opplæringslova. Vi har nulltoleranse mot mobbing. Ordensreglane skal og sørge for god læringsaktivitet på skulen i tråd med Opplæringslova, og at vi tek vare på både private eigedelar og skulen sine eigedelar og eigeidom. Ordensreglane gjeld i alle skulen sine aktivitetar og på veg til / frå skulen.

### Åtferd

- Alle på skulenskal møte kvarandre på ein venleg og respektfull måte.Vi er høflege og omsynsfulle mot kvarandre.
- Det skal ikkje utøvast farleg leik (m.a.snøballkasting), vald eller setjast fram truslar mot nokon. Elevar skal rapportere vidare til lærar når det oppstår vald- eller trusselsituasjonar på skulen.
- Det er totalforbod mot røyk (også el-sigaretter, waping o.a.), snus og alle andre former for rusmiddel på skulen sitt område og i skuletida.
- Elevane skal ikkje uroe undervisninga.

### Orden

- Alle møter førebudd, presis og har med naudsynt utstyr og læremiddel.
- Alle elevar skal delta aktivt i undervisningsaktiviteten skulen legg opp til.
- Ein skal ikkje opphalde seg i gangen eller på toalettet.
- Inne på skulen skal elevane vere rolege. I friminutta oppheld ein seg anten ute eller i kantina.Med unntak av dei første 20 minutta av matfriminuttet, vil klasseromma vere stengde.
- Yttertøy, hovudplagg og utesko skal vere i gangen.
- Det er ikkje lov å ete «snop» (definert som alle typer sukkertøy, is, brus,energidrikk,potetgull o.l.) på skulen.
- Kvar elev har ansvar for at det alltid er fint og ryddig rundt eigen arbeidsplass.
- Elevar skal alltid rydde etter seg før dei forlet eit areal.
- Det er ikkje lov å bruke mobiltelefonar og anna elektronisk utstyr i skuletida frå 08.50 - 14.20 med unntak etter særskild avtale med lærar. Ved brot på reglane skal mobiltelefonen inndragast.Den vert levert tilbake etter siste time same dag. I skuletida skal mobiltelefonane låsast inn i mobilskap / låsbart skåp i klasserommet.
- Skulen er ikkje ansvarleg for verdisaker som elevane tek med på skulen.
- Elevane har ikkje høve til å forlate skulen sitt område utan etter avtale med lærar.
- Det er ikkje lov å bruke sykklar og brett i skulegarden. Ballspel som t.d.fotball, volleyball, basket skal gå føre seg på dei områda som er tilrettelagt for slikt.

### Sanksjonar

Ordensreglane legg grunnlaget for vurderinga i orden og åtferd. Sjølv om enkelthendingar berre i sær s alvorlege tilfelle vil føre til nedsett karakter, vil gjentekne brot kunne føre til at eleven får nedsett karakter i orden og / eller åtferd. Høgt fråvær vil og kunne føre til nedsett karakter i enten orden eller åtferd.(jfr.§3-5 i Opplæringslova) Skulen har fleire ulike sanksjonar som kan nyttast ved brot på ordensreglane:

*Tilsnakk, merknad, melding heim og bortvising frå skulen i inntil 3 dagar* (jfr.Opplæringslova tidlegare § 2-10) Kva for sanksjonar som vert nytta vil avhenge av alvorsgraden i situasjonen.

Vedkomande erstatningsansvar: Vi viser til «Ordensreglement for grunnskulen i Sykkylven».